

# OSMERRA

Informasjonsblad for Osbanens Venner

Nr. 1 / 1997



Osbanens Venner - Postboks 178 - 5051 Nesttun

## Osmerra

Informasjonsorgan for foreininga Osbanens Venner.

Nr. 1 / 1997.

Redaksjon: Styret i Osbanens Venner v/ Oddvar Skre og Per Ivar Tautra (sekretær).

Redaksjonen avslutta 15.05.1997.

## *Osmerra tøffar i gang!*

Styret i Osbanens Venner sender med dette ut første utgåva av foreininga sitt nye informasjonsblad, eller medlemsblad som ein kanskje óg kan kalla det. Bladet er eit ledd i arbeidet med å gjennomføra styret sine intensjonar om å skapa meir kontakt med dei passive medlemene i Osbanens Venner. Kan henda kan bladet óg vera med på å oppmuntra fleire til ein liten innsats for foreininga?

Bladet vil ikkje komma ut til faste tider, men vi ser det som eit uoffisielt mål å klara to utgåver i året. Den eine kjem i januar, og vil primært innehalda årsmelding, rekneskap og innkalling til årsmøte. Den andre vil koma i mai og innehalda arbeidsprogram, referat frå årsmøte og informasjon om Osbane-aktivitetar sommaren gjennom. Vidare kan vi sjølv sagt taka med ein del stoff av meir "underhaldande" verdi. Kor ofte informasjonen frå foreininga vil koma i form av dette bladet, avheng av kor mykje stoff vi sit inne med. Dette bladet er altså ikkje å sjå på som nokon fast publikasjon.

Som du sikkert alt har sett, har bladet fått namnet "Osmerra". Denne namngjevinga treng ei forklaring. Mange av medlemene er sikkert fortrulege med namnet frå før, og veit at det i si tid var eit folkeleg namn på Osbanen. Mange ville nok gjerne leggja noko nedvurderande i uttrykket, men det er Bergens Tidende si tolking frå 31. august 1935 vi hadde i tankane då vi vart samde om å kalla informasjonsbladet med dette namnet;

*Osbanda hev på skjemt vorte kalla Osmerrri. Namnet er godt, bruka på rette måten. Den hev kanskje meir enn noko anna drege heile bygdi framover. No når den stillt og umerkande stogger for alle tider so bør ein mest hugsa det.*

Og hugsa det, det skal vi! Det er nettopp difor Osbanens Venner eksisterer.

Sidan dette er første nummeret av bladet, sender vi her ut Osbanens Venner sine vedtekter, då det ser ut til at det er mange av medlemene som ikkje har fått desse tidlegare.

Vi vil til slutt ønskja alle medlemer velkomne til å taka del i aktivitetane på Stend stasjon denne sesongen og slutta opp om vaktordninga. Sesongopning vert sundag 8. juni kl. 11.

**Vel møtt!**

Med helsing frå styret

Oddvar Skre

Per Ivar Tautra

# *Referat frå årsmøte i Osbanens Venner 11-3-1997*

Det vart halde ordinært årsmøte i foreininga Osbanens Venner tysdag 11. mars 1997 kl. 18.30 i møterommet på Stend jordbruksskule. Åtte medlemmer møtte.

## 1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkallinga til årsmøtet vart godkjend. Det same vart saklista, men sekretæren kommenterte at sak 7 var upresist formulert. Det skulle stått "Fastsetjing av kontingent 1998".

## 2. Val av ordstyrar og referent.

Årsmøtet valde Anders Kåre Engevik til ordstyrar og Per Ivar Tautra til referent.

## 3. Årsmelding.

Tautra las opp årsmeldinga for 1996. Ho vart deretter samrøystes godkjend utan merknader.

## 4. Rekneskap.

Kasserar Hilmar Flaterås las opp rekneskapsoversynet. Han las dessutan opp revisjonsmeldinga frå revisor Øystein Bjørgo. Bjørgo var sjølv ikkje til stades, men i revisjonsmeldinga rådde han til at årsmøtet kunne godkjenna rekneskapen.

Skre kom med eit par kommentarar til tala i rekneskapen; I 1996 hadde Osbanens Venner eit overskot på 3.500 kroner. Året før hadde foreininga eit like stort underskot. Denne gode betringa skuldast inntektene frå salet av kaffe, vaflar o.l. på stasjonen - den posten som i rekneskapen er kalla "Anna sal".

Skre gjorde óg merksam på at det meste av foreininga sine pengar no står på kontoen i Fana Sparebank. I 1995 var stod det meste av pengane i Den norske bank. Fana Sparebank gir høgare renter på innskot, og det er av den grunn mest praktisk å ha pengane ståande der. Husleiga frå leietakar Anne Bente Totland går inn på kontoen i Fana Sparebank, og dette er foreininga si viktigaste inntekt.

Etter desse kommentarane vart rekneskapen godkjend.

## 5. Val av styre, revisor og valkomité.

Engevik las på vegne av valkomiteen opp komiteen sitt framlegg til nytt styre. Styremedlemene vart deretter valde ved akklamasjon. Alle val vart gjort i samsvar med valnemnda sitt framlegg.

Styremedlemer og andre tillitsvalde etter valet:

Formann:	Oddvar Skre
Styremedlemer:	Hilmar Flaterås
	Anders Kåre Engevik
	Per Ivar Tautra (ikkje på val)
	Atle Skjerlie (ikkje på val)

Varamenn: Egil Olav Jakobsen (ny)  
Paul Martin Kronheim

Revisor: Harald Jonassen (ny)  
Vara for revisor: Anne Marie Flaterås (ny)

Valnemnd: Anders Kåre Engevik  
Hans Kristian Bukholm  
Geirmund Revheim (ny)

#### 6. Budsjett og arbeidsprogram for 1997.

Skre informerte om at søknad om økonomiske tilskot frå Os kommune alt var send avgarde. Søknadsfristen gjekk ut 1. mars, og arbeidsprogram for foreininga måtte vera vedlagd søknaden. Skre hadde difor alt laga eit arbeidsprogram. Dette vart delt ut, og deretter gjennomlese av Skre.

Det kom nokre få kommentarar til arbeidsprogrammet:

Skre gjorde merksam på at Kurt Hamre no har fått konsesjon for å driva gjenvinning på Titlestad, noko som vil føra til meir trafikk på Titlestadvegen. I neste omgang kan dette innbera ønskje om utbetring av veggen. I så fall ligg Stend stasjon noko utsett til, og det er difor viktig å arbeida hardt for å få stasjonen freda.

Samstundes som Fylkesbyggesjefen sa ja til å fornya leigekontrakten for Stend stasjon for ti nye år, oppmoda dei óg om at leiga for dei ti føregåande åra no måtte betalast. Den tidlegare kasseraren i Osbanens Venner, Harry R. Olsen, hevda at leiga var betalt etter kvart. Dersom dette er rett, er det uheldig for foreininga om ho no må betala beløpet ein gong til. Spørsmålet er om det i rekneskapen finst kvitteringar for innbetalingane. Dette må undersøkast før beløpet eventuelt vert betalt.

Under punkt 3 på arbeidsprogrammet står det at Osbanens Venner vil halda ope hus på stasjonen, ..."med omvising i vogn, sal og stempling av postkort, kafe og visning av Osbane-videoen." Det vart peika på at ordet "kafe" er for ambisiøst. Dei andre sa seg samde i dette, og kom fram til at "servering" er eit betre ord.

I samband med søknaden til Os kommune hadde Skre óg laga eit budsjett for året 1997. Dette vart gjennomgått.

I budsjettframlegget var inntekten frå medlemskontingenten sett til 7.000 kroner. Talet var sett så høgt avdi Skre ville føreslå at kontingenten no vert heva til 100 kroner. Tautra kommenterte at eit slikt vedtak ville gjelda for 1998 og såleis ikkje verka inn på økonomien i 1997. Kontingenten er som kjent 80 kroner, og dei fleste har alt betalt. På bakgrunn av dette vart den forventa inntekta frå kontingenten sett ned til 6.400 kroner. Summen kan likevel haldast såpass høg, sidan medlemstalet er jamt aukande. Foreininga har som målsetjing å nå 80 medlemmer i 1997.

Når det gjeld forventa utgifter, vil det truleg gå med ein del pengar til ominreiing av postkupeen. Dessutan skal det lagast eit poststempel med Osbanemotiv til bruk i vogna. Dette er ei eingongsinvestering, men som ikkje er heilt billig. Vidare er det ønskjeleg at det vert trykt opp billetter identiske med dei som var i bruk på Osbanen i 1935. Slike billetter kan delast ut som souvenirar til publikum på stasjonen, og dessutan er billettane nummererte, slik at det vert mogeleg å halda nøyaktige tal på kor mange som faktisk er innom museet. Kor mykje det vil kosta å trykka billetter er førebels ikkje kjent, men Tautra sa at han skulle få greie på dette i næraste framtid.

På grunn av at budsjettet vart redusert med 600 kroner på inntektssida, måtte det same gjerast på utgiftsida for at budsjettet skulle komma i balanse. Posten "Andre utgifter" vart difor sett ned frå 7.000 kroner til 6.400 kroner.

### 7. Kontingent 1998.

Det vart gjort framlegg om å heva medlemskontingenten til 100 kroner. Det vil vera tilrådeleg å gjera dette sidan styret no skal gi ut eit informasjonsblad, som etter intensjonane skal sendast ut til alle medlemene tre gonger i året. Bladet vil gjera at medlemene får meir att for pengane. Eit framlegg om å heva kontingenten til 90 kroner vart trekt attende. Det vart vedteke at kontingenten i 1998 skal vera på 100 kroner.

Etter møtet var det servering av kaffe og kaker, og praten gjekk livleg.

Per Ivar Tautra  
(referent).

---

## Postjubileum

Som mange sikkert kjenner til, feirar Postverket i år sitt 350-årsjubileum. Fredag 6. juni skal jubileet markerast med ein poststafett som skal gå langs dei gamle postvegane inn til Bergen. Ein veteranbåt kjem inn Fanafjorden, og det vert markering i det gamle posthuset på Fanahammaren. Frå Hordamuseet skal det setjast opp hesteskysst til aktivitetshuset "Blonden" på Midtun. På vegen dit vil hesteskyssten køyra innom Stend stasjon. Her vert det stemping av post i postkupeen i osbanevogna. Etter planen skal dette skje frå klokka 12 og utetter.

Til jubileet har styret i Osbanens Venner tinga eit eige motivstempel (vist på framsida av bladet). I tillegg skal det nyttast eit datostempel påteikna Osbanen, av modell etter det stempelet som var i bruk den gongen det var postekspedisjon på Osbanen (1919-1935). Datostempelet skal berre nyttast denne eine dagen, og vi reknar difor med stor interesse frå filatelistar og andre postinteresserte. Motivstempelet kan derimot nyttast gjennom heile sesongen.

I høve markeringa vil vi og ha nye postkort for sal. Vi skal no selja postkort i *fargar*. Det er sjølv sagt Stend stasjon som er motivet på dei nye postkorta. Dei gamle postkorta i sort/kvitt med motiv frå bana, vil sjølv sagt fortsatt vera i sal (så lenge lageret rekk).

Vi vil nytta høvet til å retta ein stor takk til Rikard Riim. Han er meisteren bak den nye logoen til Osbanens Venner. Det er den som er attgjeven på framsida av dette bladet, og det er det same motivet som vert å finna som motivstempel på Stend stasjon. Teikninga syner eit Osbanetog plassert inn i fabrikkskiltet frå eit av Mallet-lokomotiva. Desse lokomotiva hadde ovale fabrikkskilt montert på kvar langside.

# Arbeidsprogram 1997

Vi attgir her arbeidsprogrammet for 1997 slik det vart vedteke på årsmøtet (sak 6). Nokre av punkta er alt utførte, andre er under arbeid.

1. Stasjonsbygningen og Osbanevogna skal pussast opp med eit strøk maling utvendig til våren.
2. Foreningen skal gi ut eit informasjonsblad i to nummer (vår og sommar). Første nummeret skal innehalda vedtekter, arbeidsprogram og ein kort historikk.
3. Osbanens Venner tar sikte på å halda ope hus annankvar søndag i dei tre sommarmånadene, med omvising i vogn, sal og stempling av postkort, servering, og vising av Osbane-videoen. I tillegg vil vi også i år markera kulturdagane med fotoutstilling og ope hus på Stend stasjon.
4. Osbanens Venner vil markera postjubileet med ope hus fredag 6. juni. Poststafetten skal då innom Stend stasjon med hesteskys, og vi tar sikte på å ha postkontor i jernbanevogna med stempling av postkort med eige Osbane-stempel. Vi vil med det første senda ein søknad til Bergen Postkontor om dette. Postkontoret vil og vera ope utover sommaren dei søndagane museet er ope.
5. Hordaland fylke har gått med på å fornya leigekontrakten på Stend stasjon med 10 nye år, fram til 2007. Derfor vil Osbanens Venner satsa mykje på å få overta deler av ei nærliggjande tyskerbrakke til vognhall, og få til ei akseptabel framføring av sykkelstigen forbi Stend stasjon, ved forhandlingar med Bergen kommune.
6. Osbanens Venner vil halda fram arbeidet med å registrera foto og gjenstandar med tilknytning til Osbanen, og kven det tilhøyrer eller har tilhøyrert. Vi ser det ikkje som noko mål at alt skal vera utstilt på Stend eller Os stasjon, men at vi veit kva som fins og kvar det fins.
7. Det gode samarbeidet som er innleia med Norsk Jernbaneklubb Bergen og med Os kommune, vil bli vidareført. Osbanens Venner vil også i år delta med stand på veterantoget under kulturdagane, og vi vil gjerne stilla opp på kulturarrangement i Os dersom vi blir spurt om det. Likeeins vil vi gjerne samarbeida om ei restaurering av Os stasjon til jernbanemuseum i tillegg til Stend stasjon.

Fana 27.2.1997

Oddvar Skre

# Om posten på Stend stasjon

I høve Posten sitt jubileum presenterer vi her i korte trekk historia om postgangen på Osbanen og postopneriet på Stend stasjon.

Då Osbanen opna for trafikk i 1894, var han eit stort framsteg for samferdsla i Os og Fana, ikkje minst gjaldt denne framgangen postferdsla. Tidlegare hadde dampbåtane teke posten med seg to-tre gonger i veka. Etter at Osbanen var komen i drift, kunne osingane få post kvar dag. I byrjinga gjekk det eitt postførande togpar kvar dag, men alt i 1895 vart tilbodet utvida til to daglege postførande togpar. Posten på Osbanen vart send som *konduktørpost*, det vil seia at han gjekk som reisegods, og konduktøren hadde ansvaret. Men konduktørane hadde som oftast mykje å gjera, og det vart knapt med tid til trygg handsaming av posten. Så tidleg som i 1900 vart det difor drøfta om ein skulle oppretta postekspedisjon på Osbanen. Endeleg, den 1. mai 1919 var postekspedisjonen en realitet. Då hadde Osbanen sitt styre gått med på å byggja om to av personvognene, slik at dei kunne romma postekspedisjonen. Ekspedisjonen var som eit rullande postkontor. Posthyller vart innreidd i eit eige lite rom midt i vogna, og ein medfølgjande pakkmeister sorterte post medan toget gjekk. Postekspedisjonen på Osbanen var i drift til bana vart lagt ned 1. september 1935.

Osbanen hadde to vogner med postkupé, og rein slump gjer at båe desse er sikra for ettertida. Den eine står som kjent på Stend, den andre på Jernbanemuseet på Hamar.

Same dagen som Osbanen offisielt vart opna for trafikk, 1. juli 1894, vart det oppretta postopneri på stasjonane Stend, Kalandseid og Søfteland. Postopneriet på Stend var ikkje det første i Fanabygda; I lensmannsgarden på Fanahammaren hadde det vore postopneri frå 1866. Dampskipekspedisjonen og forbruksforeninga som låg på Fanahammaren, hadde gjort denne staden til eit knutepunkt for folket og trafikken i distriktet. Men å reisa med toget gjekk raskare enn med dampbåt, og reisa var dessutan rimelegare. Storparten av persontrafikken, og dels varetrafikken, mellom Fana og Bergen kom til å gå med Osbanen. Og mange kom bort på stasjonen berre for å sjå toga koma og gå, eller for å treffa folk. Dermed fekk jernbanestasjonen den same rolla som dampskipskaia hadde hatt tidlegare. Så då Osbanen var komen i gang, trakk folk etter kvart bort frå Fanahammaren. I staden vart Stend stasjon det nye treffstedet. Postopneriet på Fanahammaren vart lagt ned i 1909.

Stend stasjon hadde eigentleg ikkje stasjonsmeister. Slik "luksus" var det berre hovudstasjonen på Osøyro som hadde. Dei andre stasjonane på Osbanen vart styrte av *ekspeditørar*. Ordninga var slik at ekspeditøren og/eller hans hustru skulle ha ansvaret for postopneriet dersom noko slikt fanst på stasjonen. Slik var det óg på Stend stasjon. Postopneriet her heldt til i billettkontoret i første etasje, og ekspedisjon av post skjedde gjennom billettluka ut til venterommet. For å få nytta Stend stasjon som postopneri, betalte Postverket ei årleg leige til Osbanen. Dei siste åra banen gjekk, var denne leiga på 300 kroner.

Lars H. Tøsdal var den som sat lengste tida som ekspeditør og postopnar på Stend. Han tok til i stillinga i oktober 1913, og heldt fram til bana vart nedlagt i 1935. Då flytte postkontoret inn i kjellaren i Tøsdal sitt private bustadhus (det raude huset som ligg på andre sida av Titlestadvegen vis a vis stasjonen), som han hadde bygt kring 1930. Tøsdal arbeidde som postopnar til han gjekk av for aldersgrensa i 1948. Då hadde han styrt ombodet i 35 år. Postopneriet heldt hus hjå Tøsdal enno nokre år, til det i 1952 vart flytta ned i den gamle smia under snikkarverkstaden til Stend jordbruksskule. Trass i liten plass og lite høvelege lokale vart posten verande i smia i mange år. Først i 1983 vart postkontoret flytta nye lokale på Fana, og postnummer 5047 Stend vart endra til 5047 Fana.

# VEDTEKTER

## for foreningen Osbanens Venner

### 1. Formål.

Foreningen Osbanens Venner er en frittstående og upolitisk forening som ved frivillig innsats arbeider for at den kulturhistoriske arven og minnet om Nesttun-Osbanen blir holdt levende og gjort tilgjengelig for almenheten.

I sitt arbeid skal foreningen, der dette er ønskelig og nødvendig, søke samarbeid med offentlige institusjoner, firmaer og privatpersoner, samt beslektede foreninger.

### 2. Medlemskap.

Enkeltpersoner over 14 år og firmaer kan opptas som medlemmer. Medlemskapet er gyldig først når årskontingenten er innbetalt. Kontingentens størrelse fastsettes hvert år av årsmøtet, og er ensartet for alle medlemmer. Utmeldelse må skje skriftlig. Medlemmer som står til rest med kontingent for mer enn et år, blir automatisk slettet av medlemsregisteret etter en puring.

### 3. Årsmøtet.

Årsmøtet er foreningens høyeste myndighet. Ordinært årsmøte avholdes hvert år innen utgangen av mars. Innkallingen skal skje med minst 14 dagers varsel, vedlagt årsmelding, regnskap og forslag til budsjett for kommende år. Alle medlemmer har adgang til årsmøtet med tale- og stemmerett. Det er ikke tillatt å stemme med fullmakt.

Forslag til vedtektsendringer må være styret i hende senest fire uker før årsmøtet, og skal vedlegges innkallingen sammen med styrets innstilling. Vedtektsendringer krever tilslutning fra minst 2/3 av de frammøtte som har stemmerett. Øvrige saker som ønskes behandlet av årsmøtet, skal være styret i hende senest en uke før årsmøtet.

Årsmøtet skal:

- godkjenne årsoppgjøret (årsmelding/regnskap)
- fastsette budsjett etter innstilling fra styret
- fastsette årskontingenten
- foreta valg av formann, styre og varamedlemmer til styret
- foreta valg av revisor med vara for denne
- endre vedtektene dersom det foreligger forslag om dette senest 4 uker før årsmøtet

### 4. Styre.

Årsmøtet velger hvert år blant medlemmene et styre bestående av formann, sekretær, kasserer, to styremedlemmer, samt to varamedlemmer. Formannen velges særskilt, resten av styret konstituerer seg selv. To av styrets medlemmer må ha vært med også i det foregående styret. Årsmøtet velger også en valgkomite på tre medlemmer som skal legge fram forslag til nytt styre på neste årsmøte.

Styret leder foreningens virksomhet og er beslutningsdyktig med minst fire medlemmer til stede. Formannen har dobbeltstemme ved stemmelikhet. Styret innkalles av formannen, eller når minst to av styrets medlemmer forlanger det. Sekretæren skal føre protokoll fra møtene, som legges fram på det etterfølgende møte. Interesserte medlemmer har til enhver tid adgang til styremøtene, dog uten stemmerett.

## **5. Forvaltning.**

Styret foretar valg av revisor. Avsluttet regnskap skal foreligge i revidert stand til det ordinære årsmøtet. Regnskapsåret følger kalenderåret.

Gjenstander kan foræres til Osbanens Venner, men man har også anledning til å deponere ting i samlingen. I ethvert tilfelle skal det gis en skriftlig melding om dette med kvittering i to eksemplar. Krever eier forsikring, må foreningen betale dette.

Det skal også foreligge ajourført liste over alle gjenstander som eies av foreningen eller er i dens varetekt, med opplysninger om hvor gjenstandene stammer fra. Alle slike opplysninger skal oppbevares sammen med årsmeldinger, regnskap, møtereferater og annet skriftlig materiale i Osbanens Venners arkiv, på foreningens møterom. Styrets sekretær har ansvaret for at slike lister blir ført og oppdatert.

## **6. Representasjon.**

Styret skal sørge for regelmessig informasjon til medlemmene, og avholde dugnader og arbeidsmøter med tanke på restaurering av foreningens hus og eiendom. Det er også styrets ansvar å informere publikum om Osbanens historie og foreningens virksomhet.

Den daglige representasjon forestås av styret ved formannen, eller utnevnt stedfortreder. Medlemmer for øvrig må ikke uoppfordret handle i eller benytte seg av foreningens navn. Misbruk av foreningens tillit kan føre til utelukkelse fra tillitsverv i en periode. Ved grov eller gjentatt forseelse kan slike forhold føre til eksklusjon. Dette må vedtas av årsmøtet etter innstilling fra styret.

## **7. Ekstraordinært årsmøte.**

Ekstraordinært årsmøte avholdes etter styrevedtak eller etter krav fra minst ti medlemmer. Dette avholdes senest tre måneder etter at lovlig krav er innkommet, og innkalles med 14 dagers skriftlig varsel. På slikt årsmøte kan bare behandles de saker som er årsak til innkallingen.

## **8. Salg og oppløsning.**

Salg og avhending av enkeltgjenstander i mindre utstrekning kan foretas av styret etter vedtak med 2/3 flertall.

Oppløsning av foreningen kan kun foretas på ekstraordinært årsmøte med tilslutning av 2/3 av de frammøtte med stemmerett. I tilfelle oppløsning skal private eiendeler tilbakeleveres til eieren mot forannevnte kvittering (pkt. 5) hvis dette ønskes av eieren. Osbanens Venners eiendeler tilfaller det museum i Bergen eller Os hvor dette materiellet mest naturlig hører hjemme.

(Vedtatt på ekstraordinært årsmøte 8. juni 1995.)

## KORT HISTORIKK

Osbanen var ein smalspora jernbane, som gjekk mellom Nesttun og Os i tida 1894-1935. Den kom til å få mykje å seia for samferdsla og utviklinga i Fana og Os. Banelengda var 26 kilometer, og det tok ein og ein halv time å reisa mellom dei to endestasjonane.

I Fana var det 7 stasjonar (Nesttun, Skjold, Rådal, Stend, Fana, Hamre og Kalandseid) og i Os 4 (Søfteland, Ulven, Kuven, Os).

Då buss- og biltransport tok til å bli vanleg etter 1920, samstundes som vegnettet blei gradvis utbygd, greidde ikkje Osbanen å konkurrera om tid og pris, og måtte leggjast ned i 1935 som den første jernbanen her i landet. På grunn av ulik sporvidde måtte alt gods lastast om på Nesttun, dette gjorde drifta tungvint. Driftskapitalen gjekk over til A/S Bilruta Os-Bergen, og seinare til Fana-Os-Milde L/L i 1965 og til Pan Trafikk A/S i 1991.

Osbanens Venner blei stifta i 1974 med formål å ta vare på kulturarven frå Osbanen, og i 1987 fekk foreningen overta den gamle stasjonsbygningen på Stend på langsiktig leigekontrakt frå Hordaland fylke. Stend stasjon er den einaste av dei tidlegare stasjonsbygningane på Osbanen som enno står i si opphavlege form, og er derfor eit verdfullt kulturhistorisk minnesmerke.

Etter at banen vart lagt ned i 1935, blei bygningen overteken av Hordaland fylke og brukt til ulike kulturformål, men i 1984 sende Osbanens Venner inn ein søknad til Riksantikvaren om fredning. Fylkestinget vedtok å påkosta nytt tak, og bygningen er nok omen med på Riksantikvaren si liste over verneverdige stasjonsbygningar. På stasjonsområdet er det sett opp ei restaurert Osbanevogn på skinner, som skal inngå i Osbanemuseet. Os Yrkeskule har sett i stand understellet på vogna, ersten av arbeidet er utført på dugnad.

Osbanens Venner har ei lita samling med gamle foto frå Osbanen, og ein del reklameskilt og gjenstandar. Av nokre korte filmstubar og stillbilete frå Osbanen har foreningen fått laga ein 15 minutts videofilm om Osbanen. Foreningen vil prøva å få registrert det som fins av gjenstandar og gamle bilete frå Osbanen som er i privat eige.

Dersom du vil vita meir om Osbanen, så kan du lesa Per Ivar Tautra si bok «Nesttun-Osbanen – en attraksjon som ble borte», utgitt av Norsk Jernbaneklubb, eller det vesle heftet som Osbanens Venner gav ut til 100-årsjubileet i 1994.

Oddvar Skre

## *Kjære medlem . . .*

Som allerede nevnt, skal vi også i år holde åpent museum på Stend stasjon. På et styremøte 23. april ble det vedtatt at museet skal være åpent annenhver søndag i de tre sommermånedene. Det vil si følgende søndager: 8. og 22. juni, 6. og 20. juli, 3., 17. og 31. august. I tillegg skal vi ha åpent museum søndag 5. oktober i forbindelse med kulturdagene i Fana og Ytrebygda. Alle dagene er museet åpent fra kl. 11-17.

Til å holde åpent museum trenger vi selvfølgelig *vakter*. Og derfor håper vi at flere av medlemmene er interessert i å stille opp. Dagene er delt inn i tretimers-vakter, slik at det blir avløsning omtrent midt på dagen, dvs. kl. 14. Men dersom noen ønsker å stå en hel dag, er de selvfølgelig mer enn velkommen til det!

Det finnes mange gode grunner til å stille opp. Siden det til stadighet er minst to vakter til stede, vil du alltid ha noen å konferere med. Og du kan være sikker på at dere har minst én interesse felles, så da er dere også sikret noe å snakke *om*! På Stend en søndag treffer du mange hyggelige mennesker, interesserte og/eller nysgjerrige. Når været er fint, er det svært mange som legger ut på spasertur med Stend som utgangspunkt. Naturstien i Stendafjellet starter like ved stasjonen, så hvorfor ikke kombinere tjeneste på stasjonen med en forfriskende skogstur? Eller med en sykkeltur på linjen ?

Hva skal du gjøre som vakt på Stend stasjon?

Oppgavene er enkle. Vaktholdet går ut på å vise folk rundt i venterommet, i vognen og ellers på stasjonsområdet. Du kan fortelle om Osbanen og Osbanens Venner, samt svare på spørsmål. Dessuten skal du selge kaffe, brus, vafler, postkort, filmer osv. Prisene er oppslått i venterommet. Dette er enkelt arbeid i et trivelig miljø!

Vaktlisten settes opp slik at det til enhver tid er minst to vakter til stede. Erfaring viser at én person ikke vil klare dette alene. Når publikumstilstrømmingen er stor, trengs det minst to vakter til å utføre de nevnte oppgavene. Også av sikkerhetsmessige grunner er det fornuftig med flere vakter. Vi forvalter en del uerstattelige gjenstander, og det er viktig å kunne holde hele museet - både utendørs og innendørs - under oppsikt.

Siden vaktlisten settes opp slik at den ene vakten alltid er en representant for styret, behøver du heller ikke være redd for at du kan eller vet for lite til å kunne delta. Nødvendig opplæring - i den grad det trengs - vil bli gitt etter hvert.

Vi oppfordrer hermed alle medlemmene til å melde seg på som vakter. Det gjør ikke noe om "for mange" melder sin interesse. Tvert imot: Jo flere, jo bedre! Studér almanakken din, og gi oss tilbakemelding om når du har anledning til å stille opp. Ved å kontakte oss snarest, sparer du oss for en del ekstraarbeid.

Oddvar Skre, tlf. 55 91 51 53 (h)  
tlf. 55 91 62 40 (a)

Osbanens Venner  
Postboks 178  
5051 Nesttun

---

 **Atrø sykkel**  
*SPORT & FRITID*

Sundtsvei 2, 5050 NESTTUN  
Telefon 55 13 14 00 - Telefax 55 13 02 70



**TA KONTAKT MED**



# FANA BLIKK

**KOBBER & BLIKKENSLAGER - FANAVEIEN 39 - 5030 NESTTUN  
Tlf: 55 13 85 85 - MOB: 946 28 200**

• Taktekking • Blikk- og ventilasjonsarbeid • Salg av  
takstein, renner, snøfangere • Velux takvinduer m.m.

**Tlf: 55 13 85 85**